

«Vegval for framtidig kyrkjeordning.»

Høyringsfråsegn frå Voss sokneråd.

Voss sokneråd vurderer det som noko utfordrande å ta stilling til detaljane i kvart av dei 27 høyringsspora i heftet «Veivalg for framtidig kirkeordning - Høyringsnotat fra Kirkerådet februar 2015».

Men me ynskjer å gje til kjenne fleire prinsipielle haldningar til endringsprosessen Den norske kyrkja er inne i no. Det er utfrå rolle og oppgåve mest naturleg at me fokuserer på lokale og regionale forhold.

1. *Bør det gjerast endringar i fordelinga av oppgåver og mynde mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå ? I så fall kva endringar og kvifor ?*

SOKNENIVÅ:

Voss sokneråd ynskjer ei tydeleg oppgåvedeling mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Me deler høyringsnotatet si poengtering av å halda fast ved inndeling av sokn slik det er no med kring 1250 sokn.

Det er viktig at soknet får synleggjort og styrkt si oppgåve i folkekyrkja innafor rammene i heilskapskyrkjelege omsyn. I dette ligg ei viss endring i oppgåvedeling i høve til no.

Noverande fellesrådsmodell har fleire uklare sider ved seg.

Lokalt vil her ikkje vera trong for to organ til å forvalta soknekyrkjene. Det skaper lett uklare forhold til prestar og andre i vigsla stillingar si sjølvstendige yrkesutøving og relasjonar til soknerådet, og til soknet si sjølvstendige stilling slik desse er skildra i kyrkjelov og i fleire rettleiingar og rundskriv om samvirket mellom desse to organa.

Me ynskjer at soknet/lokalkyrkja har tilstrekkeleg mynde og økonomiske føresetnader til å løysa oppgåvene sine og føreta naudsynte prioriteringar innafor kyrkja sine kjerneoppgåver. I ein slik modell er kvart sokn ansvarleg for å løysa eigne oppgåver innafor rammer i folkekyrkja, og bispen/bispedømet sitt tilsyn og styringsoppgåver som ligg til arbeidsgjevar. I dag kan det sjå ut til at mange tilhøve er noko uklare.

Sokna ymsar i folketal og storleik, og dei er demografisk ulikt sette saman. Kyrkjebygga er i ulik forfatning. Tilsette kan ha tynt fagleg nettverk kring seg, m.m.

Dette krev individuelle tilpassingar administrativt og økonomisk.

Me meiner det tilseier eit sterkare arbeidsgjevaransvar frå bispedømenivå.

BISPEDØMMENIVÅ:

Det same gjeld med omsyn på å styrkja den regionale lekken. Bispedøma reflekterer mykje av det same. Her må det òg opnast for endringar i korleis regionale oppgåver skal løysast. Oppgåver bør og kan delegerast til sokna/grupper av samarbeidande små-sokn. Samarbeid på tvers av områdegrensar er velkjende i bygde-Noreg.

Modell for delegering av *oppgåver* kan og bør ymsa utfrå skilnader det er mellom sokna, og det er naturleg å tenkja seg at eit stort sokn kan tilby mindre sokn tenester i slike samarbeidsmodellar. *Ansvar* for ei tilfredsstillande for alle sokn løysing skal ligga hjå arbeidsgjevar; - biskop og bispedømeråd.

Me meiner at bispedømerådet skal utøva tilsetjings- og arbeidsgjevaransvar for *alle* tilsette i ulike vigsla og ikkje-vigsla stillingar.

Bispedømet sine rettleiings- og tilsynsoppgåver er viktige for å utvikla Den norske kyrkja etter vedtekne, sentrale kyrkjepolitiske målsettingar.

Bispen leier prestetenesta og andre i vigsla stillingar gjennom eit overordna ansvar og oppfylgjing overfor desse tilsette i bispedømet. Det same gjeld for alle andre som arbeider med fokusoppgåvene trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikalsk arbeid i soknet.

Oppgåver kan/bør delegerast frå bispedømenivå til soknenivå / samarbeidande sokn. Det viktige er at bispedømet sit med ansvar for å finna gode og tenlege løysingar for alle sokna.

Mange oppgåver kan løysast gjennom samarbeid etter ulike matrisemodellar. Særleg gjeld dette for ulike merkantile oppgåver. I slike oppgåver vil det i grunnen vera eit spørsmål om fagmiljø, kompetanse-nivå og ei vurdering av kostnader-føremunar for kvart sokn.

Me er merksame på at her vil vera mange detaljar og tilpassingar som skal på plass i lov- og regelverk, men me trur at Den norske kyrkja er tent med ein tydeleg og inkluderande leiingsstruktur frå sentralnivå (preses som bispane sin arbeidsgjevar) gjennom bisp og bispedømeråd, til dagens soknestructur med vel 1250 sokn.

Vidare må det utviklast verkty for bispedømet til å handtera dei mange nyansane og ulike skilnader her er mellom sokna.

Me meiner *soknet* vil tena på ei fleksibel organisering med bispedømet som arbeidsgjevar, og ei aktiv bruk av delegering når tilhøva ligg til rette for det.

2. *Deler soknet Kyrkjerådet si vurdering kring at dagens finansieringsordning er den beste for å sikra ei brei folkekyrkje ?*

Voss sokneråd fylgjer Kyrkjerådet si førebelse vurdering om å halda fast ved hovudtrekka i finansieringsordninga mellom lokalt og nasjonalt nivå. (jfr. Kyrkjerådet si vurdering s. 36)

Det må arbeidast meir med å sikra soknet offentleg fullfinansiering gjennom kommunale løyvingar og statlege, *øyremerka midlar* til minstenorm-oppgåver kvart sokn skal løysa av kjerneoppgåven sine. I tillegg trengst *rammeløyvingar* til vidare-fordeling frå eit regionalt nivå. Den norske kyrkja må framleis sikrast ei forpliktande kommunal og statlege finansiering.

Det er store variasjonar mellom alle kyrkjesokna i Noreg, så naudsynte midlar til drift må tilpassast individuelt der bispedømet har ei sentral oppgåve gjennom rettleiing, og ved tilsyn og oppfølging overfor kvart sokn i sin region utfrå eigenarten soknet representerer.

3. *I fall dagens finansieringsordning for Den norske kyrkja fell bort, kva ordning vil soknet då gå inn for ? Begrunn synspunktet.*

Voss sokneråd meiner mykje må setjast inn på å halda fast ved offentleg statleg og kommunal finansiering. I tillegg bør den rettast inn mot individuelle omsyn i soknet; jfr. overståande synspunkt.

Me deler Kyrkjerådet sine synspunkt på auka krav til innsparing, men ynskjer samstundes å poengtera at ein sokne-modell nokonlunde lik den me har no med vel 1250 sokn, må ha individuelt tilpassa finansieringsordningar. M.a. tilgang på kvalifisert personell, demagogiske tilhøve i soknet, bygningsmasse, kyrkjegardssaker m.m. skaper skilnader mellom sokna. Bispedømet har ei sentral rolle i å hjelpa sokna til å utforma tilboda sine økonomisk og peronellmessig etter individuelle behov.

Voss sokneråd meiner slike 'grep' i sum vil bety ein enklare organisasjonsstruktur til beste for dei ulike sokna.

Kyrkjelova må sikra offentleg finansiering frå stat, fylke og kommunenivå.

Offentlege overføringar til kyrkja må halda fram dels ved 'øyremerka bruk' og dels som rammeløyvingar.

Det er for tidleg å reisa spørsmålet «*om dagens finansieringsordning fell vekk*».

Me meiner at sentralkyrkja må arbeida målmedvite for å unngå å invitera til ein politisk debatt om andre finansieringsordningar.

4. *Korleis kan kyrkjestrukturen forenklast for at knappe ressursar kan verta rasjonelt utnytta ?*

Voss sokneråd tenkjer seg ein modell der Kyrkjemøte - Bispedøme - Sokn er dei berande einingane i Den norske kyrkja fagleg og administrativt.

I ein slik trefot-modell vert eit regionalt bispedøme eit aktivt handlande organ som må ha til rådvelde effektive verkty for å skapa ei brei folkekyrkje i alle sokna utfrå dei ulike sokna sine eigne føresetnader.

Vidare er det naturleg med

- eit nært samarbeid mellom eit stort og fleire mindre sokn og mindre kommunar for å løysa ymse teneste- og forvaltningsoppgåver
- delegering av oppgåver frå regionalt til lokalt nivå (utan å angi nærare spesifisering her)
- vurdere om her er oppgåver som kan flyttast *oppover* i hierarkiet utan å gå gjennom ein tidkrevjande lokal prosess

(Overstående skisse er ikkje uttømmende). Her er mange felt som kan tena på meir forenkling og samordning. Kostnadsreducerande tiltak må til, men ein må unngå uklar rolleforståing og utydelege 'styringslinjer' i dette arbeidet.

5. *Korleis kan kyrkjestrukturen forenklast for at knappe ressursar kan verta rasjonelt utnytta ?*

I dag er her kring 1250 sokn i Noreg.

Voss sokneråd fylgjer Kyrkjerådet i at *soknet* framleis skal vera den grunnleggjande eininga i Den norske kyrkja.

Soknet har ein sjølvstendig posisjon i tråd med kyrkelova §2.

Etter kvart kan det vera behov for å fastsetja kriteriar for storleik og skiping av eit sokn.

I slike endringsprosessar må ein ikkje 'framandgjera' lokalt engasjement.

Det ligg ein innebygd konflikt mellom tette, nære band i små sokn, og eit økonomisk rasjonale for større einingar.

Kanskje skal ein nettopp bruka mykje ressursar for å bevare dei små sokna og det kyrkjeengasjementet ein ofte finn i mange små sokn ? Me meiner at omgrepet 'folkekyrkja' har rot i eit slikt nær-engasjement for eiga kyrkje og kyrkjegard rundt henne.

Elles bør ei rekkje av spørsmåla som er reiste i heftet (s. 43), setjast under debatt *saman med* kyrkje-engasjementet som soknet legg for dagen, og som vanskeleg kan målast i kroner og øre.

Kyrkjestrukturen kan moglegvis forenklast med individuelle løysingar med eit minimum av personale for å handtera soknet sine oppgåver saman med valde rådsmedlemer; (jfr.

forventningar til soknerådsmedlemmer i «Håndbok 2011-2015»:119)

Mangt kan også løysast gjennom samarbeid med kommunal administrasjon, og på tvers av kommunegrensar, t.d. økonomistyring, kyrkjegardsteneste m.m.

6. *Bør ordninga med to organ for soknet vidareførast ?*

Voss sokneråd meiner at soknerådet skal vera det einaste organet for soknet, men supplert med bispedømet som arbeidsgjevar og med ansvar for at alle sokna fungerer innafor ei rimeleg definert 'flytzone'.

Oppgåver fellesrådet har i dag må over på bispedømenivå. Ei rekkje av desse kan delegerast attende til soknet og ved det styrkja eksekutivfunksjonane til soknerådet.

Bispedømet overtek arbeidsgjevarfunksjonen overfor alle tilsette i soknet. Det vil styrkja dei tilsette og tenestene dei skal utføra.

Som sagt kan fleire oppgåver med føremun delegerast til sokneråda og ved det oppretthalda nærleik til kommunen slik at gode relasjonar ikkje vert svekka (jfr. tidlegare grunngevingar i høyringssvaret vårt)

Andre oppgåver med krav om spesialkompetanse må anten løysast ved samarbeid mellom fleire sokn, eller frå bispedømenivå. Det kan òg vera at ein bør sjå nære på nokre av forvaltningsoppgåvene kyrkja har i dag bør overførast til kommunalt nivå.

7. *Ved ev. vidareføring - kva nivå skal ein fellesadministrasjon leggast på ?*

Bispedømenivå.

8. *Ved ev. vidareføring - endring i oppgåvedeling mellom sokneråd og ein ev. ny modell for fellelråd ?*

Ny modell byter ut fellelrådnivå med bispedømenivå; jfr. tidl. markerte synspunkt.

Me ynskjer eit *sterkt og handlande* sokneråd som anten er stort nok til å handtera administrasjon og økonomi åleine, eller som veks seg større og løyser slike oppgåver ved kjøp og sal av tenester mellom små sokneråd og eit større sokneråd som har naudsynt handlekraft. Føremuner: auka kompetanse og styrkte fagmiljø - økonomiske 'stordriftsføremuner' i forhold til mykje oppsplitting.

Vurderingar her, og overordna styring med slike samarbeidsprosessar, vert styrt frå bispedømenivå.

9. *Bør alle oppgåver i soknet leggast under styrings- og leiaransvaret til sokneorgana ?*

Voss sokneråd meiner prestetenesta bør vera organisert etter liknande modell som no, og med ein eigen styrings- og leiingsstruktur, og ikkje utan vidare underornast soknet sitt leiingsmynde. Utover det bør alt som vedkjem soknet så langt det er forsvarleg, leiast av soknerådet etter delegering frå bispedømenivå.

10. *Korleis bør dagleg leiing for verksemda i sokna organiserast ?*

Våre kommentarar byggjer på at

- alle tilsette har bispedømerådet som arbeidsgjevar og er ved det sikra eit rikt fagleg miljø.
- det lokale soknerådet har etter kyrkelova § 9 ei rekkje oppgåver der faglege løysingsframlegg og gjennomføringsplanar frå faggruppene er vedtaksgrunnlag for soknerådet. Saksførebuing i vekselverknad med ev. dagleg leiar (lokal) og valde soknerådsmedlemmer

- soknepresten/(annan prest) må ha ein fast plass i soknerådet.

Det er ulik storleik på sokna, og dagleg leiing må formast ut etter det.

Me meiner at prestetenesta framleis må ha ei sjølvstendig rolle slik intensjonane er i noverande ordning.

11. *Biskopenen si rolle i ei komande kyrkjeordning ?*

12. *Biskopen sine tilsynsverkemidlar*

Me legg til grunn at alt arbeidsgjevaransvar for tilsette sokna vert lagt til biskopen og bispedømerådet.

Biskopen har tilsynsoppgåver med sokna. Saman med nytt arbeidsgjevaransvar, må det i tur føra med seg ei meir aktiv oppfylgjing av dei ulike faggruppene.

Her bør ikkje vera eit skilje mellom vigsla- og ikkje-vigsla stillingar.

Modellen over legg òg til grunn at delegering til soknenivå vert aktivt brukt der det er naturleg. Det vil styrkja soknet, og vil ha ein kostnadsreducerande effekt ved eit forvaltningsorgan mindre på sokne- og kommunenivå.

Ein må sjå nærare på kva oppfylggingsmodellar som må utviklast for å gjera dette tilsynet og oppfylgginga til eit gode for dei tilsette, og for soknerådet som lokalt styringsorgan.

Me ynskjer at dette må vera aktive verkty som gjev reell styringseffekt og motivasjon for å tilpassa seg biskopen sine leiingssignal og -påbod.

Biskopen godkjenner alt lokalt planarbeid kring trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikalsk aktivitet (jfr. soknerådet sine oppgåver slik desse er skildra i kyrkelova §9)

13. *Korleis peika ut biskopar i ei komande kyrkjeordning ?*

Ved ei rein valordning; (jfr. Kyrkerådet sitt fleirtal.)

14. *Bør bispedømerådet oppretthaldast som rådsorgan på bispedømenivå; kva skal i så fall vera bispedømerådet si rolle ?*

Bispedømerådet må oppretthaldast som eit demokratisk valt organ. Det representerer lange tradisjonar i norsk kristenkulturell samanheng, og med oppgåver i ljøs av kva endelikt plassering av arbeidsgjevaransvaret får i kyrkje-hierarkiet. (jfr. elles Kyrkerådet sitt fleirtal.)

15. *Kva oppgåver bør i så fall leggjast til bispedømerådet ?*

Me viser til overståande i pkt. 14.

16. *Bør alle tilsette ha same arbeidsgjevar, og kva organ bør det i så fall vera ?*

Me viser til tidlegare synspunkt.

Arbeidsgjevaransvaret for alle kyrkjeleg tilsette som arbeider i soknet, vert lagt til bispedømerådet. Ein føreset delegering til soknenivå for å ta vare på dagleg leiing og andre arbeidsgjevarfunksjonar. (jfr. Kyrkjerådet sitt fleirtal - alt. A)

17. *I kva grad bør arbeidsgjevarfunksjonen delast på ulike organ ?*

Me viser til tidlegare synspunkt.

Arbeidsgjevaransvar bør ikkje fordelast på ulike organ bortsett frå oppgåver der ein leiger inn hjelp, og typisk kan utførast i ein *matriseorganisasjon*; t.d. kyrkjegardsarbeid, kalkulering/økonomi/rekneskap, vedlikehald av bygningar m.m.

18. *I kva grad bør det opnast for lokale og regionale variasjonar i organiseringa av arbeidsgjevaransvaret ?*

I ingen grad.

Det er viktig at bispen, og bispedømet sine råd og administrasjon, tek vare på mangfaldet i sokna, og gjennom arbeidsgjevaransvaret sitt tryggjar alle partar.

Det er òg ei utfordring å unngå at for mykje av kyrkja sine samla midlar vert bruk til ulike forvaltningsoppgåver framfor å bli brukt til å styrkja kyrkja sine kjerneoppgåver

19. *Korleis bør ein på best mogleg måte ivareta særpreget til prestenesta og andre vigsla tenester?*

Me har ikkje konkrete framlegg utover å oppmoda om at biskopen gjennom sitt tilsynsmynde har for auga særpreget til prestenesta og andre vigsla tenester gjennom sitt faglege og personalpolitiske arbeid.

Ikkje minst er det ynskjeleg at kateketar, diakonar og kantorar kjenner seg knytta til biskopen utover den tilknyttinga som ligg i 'vigsling'.

Soknerådet minner elles om hovudsynspunktet vårt der *alle* kyrkjetilsette vert møtte med ein heilheitleg personalpolitikk, og med ei samordna oppfylgjing (jfr. elles Kyrkjerådet sitt fleirtal - alt. A i høyringsheftet s. 75)

20. *Har høyringsinstansen synspunkt på Kyrkjemøtet si rolle i kyrkja ?*

Nei, ingen synspunkt utover kva som er omtala i høyringsheftet s. 79 - 82

21. *Har høyringsinstansen synspunkt på korleis Kyrkjemøtet skal setjast saman ?*

Nei, ingen synspunkt utover kva som er omtala i høyringsheftet s. 79 - 82

22. *Har høyringsinstansen synspunkt på Bispemøtet sine oppgåver og rolle i kyrkjeordninga ?*

Nei, ingen synspunkt utover kva som er omtala i høyringsheftet. s. 83 - 85

23. *Har høyringsinstansen synspunkt på spørsmål om leiing av biskopane ?*

Ja. Me meiner *preses* i Bispemøtet må ha oppgåver og rolle som ivaretek arbeidsgjevarfunksjonane for dei andre biskopane. (jfr. Kyrkjerådet pkt. 2 i høyringsheftet s. 85)

24. *Har høyringsinstansen synspunkt på Kyrkjerådets funksjon og samansetjing ?*

Voss sokneråd fylgjer Kyrkjerådet sitt fleirtal under pkt. 1A og pkt. 2 (Høyringsheftet s.87)

25. *Bør ordninga med eiga lærenemnd fjørast vidare, og kva funksjon skal i så fall ei slik nemnd ha ?*

Me fylgjer Kyrkjerådet sitt fleirtal under pkt. A (Høyringsheftet s.89)

26. *Har høyringsinstansen synspunkt på korleis ansvaret for samisk kyrkjeliv skal ivaretakast i ei framtidig kyrkjeordning ?*

Me fylgjer Kyrkjerådet si førebelse vurdering. Særleg vil me framheva ei vidare utgreiing med mål å styrkja representasjonsformer i samisk kyrkjeliv.

27. *Har høyringsinstansen synspunkt på korleis ungdomsdemokratiet og Ungdommens kyrkjemøte skal ivaretakast i ei framtidig kyrkjeordning ?*

Ungdomsrepresentasjon er viktig i ei moderne, norsk folkekyrkje og bør regelfestast som del av kyrkjeordninga slik ho er vedteken av Kyrkjemøtet.